



forum for
natur og friluftsliv
i
Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Jan Heggheim, avd. for næring og kultur

Leikanger 09.06.2016

Innspel frå frivillig sektor i Forum for fysisk aktivitet knytt til arbeidet med friluftsliv i fylket.

Forum for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (Forum FIF) følgjer opp Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019, og då spesielt handlingsprogram tiltak.

Forum FIF er uroa over utviklinga for fagfeltet friluftsliv i fylket i høve samfunnsbygging, attraktivitet, aktivitet og vinst.

Friluftsliv er ein kjelde til livskvalitet, naturoppleving og betre folkehelse, og er eit viktig bidrag til berekraftig utvikling. Vi viser til visjonen for reiselivet i fylket og regional plan for reiseliv: «Sogn og Fjordane skal bli ein av dei fremste regionane i verda for berekraftige, naturbaserte opplevingar med høg kvalitet» <http://www.sfj.no/reiseliv.334879.nm.html>

Vi viser til regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv «Det å ferdast i og opphalde seg i friluft er for mange ein viktig del av tilværet og kan ikkje erstattast med andre aktivitetar. Friluftsliv har eigenverdi i form av glede ved sjølve friluftaktiviteten, naturopplevinga og høvet til mellom anna rekreasjon, avkopling og samvær med andre. Friluftsliv er viktig i eit førebyggjande og helsebringane perspektiv.» Visjonen for planen er fysisk aktivitet for alle! Friluftslivet er ein viktig del for å kunne nå visjonen.

Vi viser og til Regional planstrategi, del 3, målbilete overordna mål: «Fylket skal vere eit ope og inkluderande samfunn og alle kommunane har tydelege strategiar for å inkludere innvandrarakar/tilflyttarakar. Folkehelse skal vere med som ein grunnleggande del i samfunnsplanlegginga og levekåra i fylket er betra.» og ynskte effektar: «Sogn og Fjordane har store naturressursar og kulturverdiar og vi nyttar desse som drivkraft i samfunnsutviklinga. Fylket har jamna ut sosiale ulikskap og har innbyggjarar med høg trivsel og opplevd livsmeistring, frå vogge til grav. Fylket har kulturopplevingar som gjev eit rikare liv og bygger identiteten vår.»

Vi knyter oss til landskapet og friluftsliv bidreg såleis til vår tilknytning og stidentitet (Proff. Sigmund Hågvar, NMBU).

Dei frivillige organisasjonane får stadig fleire oppgåver som samfunnsbyggjarar, eit viktig primærledd i samfunnsutviklinga. Friluftsliv er eit verkemiddel for auka fysisk aktivitet, for å lykkast med sosial inkludering, reversera inaktivitet og overvekt, auka trivsel og betre levekår, som alle bygger opp under tilhøva for å nå ønska auke i folketal i fylket. I sum er dette og viktige faktorar for å auka attraktiviteten til fylket. Ein auke og eit løft i aktivitet hjå

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

dei inaktive og lite aktive er nasjonalt rekna til ein helsevinst tilnærma heile 239 milliardar pr år, <http://www.norskfriluftsliv.no/ber-finansdepartementet-ta-ut-velferdsgevinsten/> .

Frivillig sektor skaper aktiviteten og utviklar tiltak lokalt. Dette utgjer ein store og ubetalt innsats av eldsjeler som ønsker å bidra. Men er ubetalt innsats nok når vi veit kor viktig friluftsliv er i langsiktig perspektiv?

Fylkeskommunen bør og skal støtte opp under dette viktige arbeidet, både av dei utførande aktørane og for å bidra med å styre utviklinga. Tilrettelegginga for friluftslivet er og ein viktig del av tilrettelegginga for det naturbaserte reiselivet i fylket.

Friluftsråd og etablering av desse er blant tiltaka i handlingsprogrammet der FK har eit ansvar. Friluftsråda kan bidra til å hente inn betydelege midlar til fylket for utviklinga av både friluftsliv og tenester knytt til dette.

Organiseringa av friluftslivet i fylket er fragmentert, vi har ein koordinatorstilling i samarbeidsnettverket Forum for natur og friluftsliv som skal dekke over mange felt. Vi opplever at det er uheldig med vakanse i stillinga knytt til friluftsliv i fylket, som skal dekke opp dei lovpålagde oppgåvene innan friluftsliv, vilt og innlandsfiske. Vi vil difor melde om eit sterkt ønske og trong for at ein dedikert stilling for feltet vert ein del av staben i avdeling for næring og kultur.

Store kutt innan folkehelse, fysisk aktivitet/idrett og friluftsliv vil samla svekka alle felta.

Vi takkar for godt samarbeid med fylkeskommunen og ønsker lykke til med arbeidet med ny organisering og vonar vårt innspel og oppmoding om ei dedikert stilling til friluftslivet kan vere eit positivt bidrag i dette!

Med helsing
Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane

Elisabeth Dahle
koordinator